

Onarheim kraftverk, Kvinnherad kommune

Søknad om anleggskonsesjon etter energiloven



Hege M. W. Økland / Eirik Pedersen Ulvenes, 26.11.2024

Innhald

1.	Innleiing.....	3
1.1	Samandrag	3
1.2	Presentasjon av søker og søknaden	3
2.	Skildring av planlagde anlegg	5
2.1	Kraftleidning.....	6
2.2	Elektrisk anlegg i vasskraftverket	6
3.	Samfunnsøkonomiske vurdering og tekniske forhold	7
3.1	Samfunnsøkonomisk vurdering.....	7
3.2	Vurdering av tilknytning	7
4.	Verknad for miljø og samfunn	7
4.1	Arealbehov.....	7
4.2	Busetnad og miljø.....	7
4.3	Infrastuktur	8
4.4	Friluftsliv og rekreasjon.....	8
4.5	Landskap og kulturminne	8
4.6	Naturmangfald.....	8
4.7	Andre naturressursar.....	8
4.8	Samfunnsinteresser	8
4.9	Luftfart og kommunikasjonssystem	8
4.10	Ureining, klima og miljømessig sårbarheit	8
5.	Naturfare og beredskap	9
5.1	Vurdering av flaum- og skredfare.....	9
5.2	Vurdering av overvann	9
5.3	Vurdering av klimatilpasning.....	9
6.	Forholdet til grunneigarar og rettighetshavarar	9
6.1	Oversikt over grunneigarar og rettighetshavarar	9
6.2	Tilbakemelding frå høyring	10
6.3	Oppsummering av høyringa	13
7.	Vedlegg.....	13

1. Innleiing

1.1 Samandrag

Onarheim Kraftverk AS søker i medhold til Energiloven § 3-1 om anleggskonsesjon til å byggje og drifte for høgspontanlegget i samband med bygging av Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune i Vestland Fylke. Søknaden omfattar høgspenutstyr i kraftstasjonen samt om lag 1550 meter jordkabel fram til tilknytningspunktet mot BKK Nett. Det er inngått nettavtale om nettilknytning med BKK Nett der grensesnitt/eigarskilte er gitt.

1.2 Presentasjon av søker og søknaden

Sunnhordland Kraftlag AS fekk i 2019 vassdragskonsesjon for å byggje Onarheim kraftverk ved å nytte fallet i Hellandselva på Husnes i Kvinnherad kommune. Vedtaket vart påklaga og klagen vart seinare avvist av OED.

Kartet under syner Husnes og plassering av kraftverket.



Kart 1 viser utsnitt frå Husnes i Kvinnherad kommune, Vestland Fylke (henta frå Norgeskart 29.10.2024). Kraftstasjonens plassering er markert på kartet med lilla firkant.

Sunnhordland kraftlag AS kjem til å overføre vassdragskonsesjonen til sitt deleigde selskap Onarheim kraftverk AS som skal stå for utbygging og drift av kraftverket.

Tiltakshavar og namn på tiltaket, adresser og kontaktinformasjon:

Tiltak: Onarheim kraftverk, Kvinnherad kommune, Vestland fylke

Konsesjon: NVE ref. 20140667-37, datert 10.01.2019

Vassdrag:

Tiltakshavar: Onarheim kraftverk AS

Org. nr. : 931 826 689

Adresse: Postboks 24, 5401 Stord

Kontaktperson: Hege M. W. Økland

Tlf: 97 55 61 49

e-post: hok@skl.as

Prosjektleder byggjefase: Jarle Kjellesvik

Tlf: 98 23 74 11

e-post: jarle.kjellesvik@skl.as

Kontaktperson driftsfase: Eirik P. Ulvenes (Driftsleder)

Tlf: 97 55 61 34

e-post: epu@skl.as

Rådgjevar: Bystøl AS

Adresse: Tomtebu 2, 6893 Vik i Sogn

Kontaktperson: Terje Hjortland

Tlf: terhjo@bystol.no

e-post: 40 40 37 87

Byggjefase: Ikkje avgjort ennå

2. Skildring av planlagde anlegg

Det omsøkte tiltaket må byggjast for å knytte Onarheim kraftverk til nettet. Kraftstasjonen skal knytast til eksisterande nett via ein ca. 1500 m lang jordkabel til påkoplingspunktet rett syd for Hydro Husnes. Kabelen vert nedgrave langs eksisterande vegar ned mot Husnes. Det er planlagt kryssing av fylkesvegen ved å presse røret under vegen for å sleppe graving i vegbana. Vidare vil trasèen krysse innmark og nokre private eigedomar.

Karta 2A og 2B under syner det omsøkte tiltaket. Situasjonsplanen er under delt opp to deler for å sjå detaljar. Situasjonsplanen ligg òg med som vedlegg 1.





Kart 2B. Situasjonsplanen som syner kabeltrasè frå kryssing av FV 500 til påkoplingspunktet mot BKK (lilla stiplet linja og fellesgjøft med BKK/Fagne gitt med orange farge)

Fagne fekk 18.07.2024 anleggskonsesjon (ref. NVE-202212731-15) til å byggje Øyra transformatorstasjon inkludert kraftleidningar i området. Trasèen for linjer skal byggjast slik det går fram av kartet på s. 5 i Bakgrunn for vedtak (vedlegg 2). BKK kjem òg til å leggje om sine linjer i området i samband med at Statnett er i gong med prosjekteringsarbeidet for bygging av ny trafostasjon for ei ny 300 kV linje i området. Desse arbeida kan verta utført før eller på same tid som legging av produksjonskabel for Onarheim kraftverk. Me samarbeider med BKK og Fagne om å nytte same kabeltrase som Fagne har fått konsesjon på siste del av kabeltrasèen for produksjonskabelen (organge trasè i kart 2B).

2.1 Kraftleidning

Det vil verta lagt ein kabel av TSLF 24 kV 3x1x240. Lengda til kabelen vert om lag 1 500 meter lang. Tilknytning vert til eksisterande 22 kV distribusjonsnett.

2.2 Elektrisk anlegg i vasskraftverket

Tabell 1 syner oversikt på det elektriske anlegget.

Tabell 1: Oversikt på elektrisk anlegg

Utstyr	Yting
1 stk. peltonturbin	8,6 MW
1 stk. generator	9,99 MVA
1 stk. transformator 22/6,6kV	11 MVA
1 stk. transformator 22/0,4kV	100kVA
1 stk. 22 kV apparatanlegg	

Einlinjeskjema er gitt i vedlegg 3.

3. Samfunnsøkonomiske vurdering og tekniske forhold

3.1 Samfunnsøkonomisk vurdering

Produksjon av elektrisk kraft via småkraftverket vil vere eit viktig bidrag i den politiske satsinga på fornybar energi. Det omsøkte tiltaket gir inntekt til kraftverkseigar, grunneigar og til samfunnet elles via skatteinntekter. Onarheim kraftverk vil styrke næringsgrunnlaget i området og vil vere med på å oppretthalde lokal busetting. Teknisk løysing for nettilknytning er valt ut frå dei beste tekniske og økonomiske løysingane.

3.2 Vurdering av tilknytning

Netteigar BKK har vurdert løysingane og viser til vedlagt avtale om nettilknytning (vedlegg 4). BKK meiner at nettkapasiteten er slik som når avtalen vart inngått. Dei har vurdert at tilknytninga er driftsmessig forsvarleg og at kapasitet er avklart på alle tre nettnivå (vedlegg 5). Onarheim kraftverk AS aksepterer vilkåra sett av BKK.

4. Verknad for miljø og samfunn

4.1 Arealbehov

Midlertidig arealbehov for kabelgrøft frå Onarheim kraftverk til Hydro Husnes er dekkja av detaljplanen for miljø og landskap (vedlegg 9) og er ikkje omsøkt i denne anleggskonsesjonen.

4.2 Busetnad og miljø

Kabelgrøft vil ikkje påvirke bueiningar.

4.3 Infrastruktur

Ingen synleg infrastruktur. Kabel vert nedgraven og lagt langs med eksisterande vegar. I område der kabelen vil verta nedgraven på innmark, vil den verta graven ned slik at det er mogleg å pløye og utføre vanleg jordbruksdrift.

4.4 Friluftsliv og rekreasjon

Jordkabel gjev ingen negativ verknad på bruk av området til friluftsliv og rekreasjon.

4.5 Landskap og kulturminne

Jordkabelen vil ikkje ha påverknad for landskapet. Trasèen vil for det meste vere i vegfylling og trasè over innmark vil verta sådd igjen. Det er ikkje kjende automatiske freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket.

4.6 Naturmangfald

Ikkje aktuelt. Vert ivareteken i detaljplan for miljø og landskap.

4.7 Andre naturressursar

Ikkje aktuelt. Vert ivareteken i detaljplan for miljø og landskap.

4.8 Samfunnsinteresser

Nettanlegget vert skatta etter gjeldane regelverk.

4.9 Luftfart og kommunikasjonssystem

Ingen verknad.

4.10 Ureining, klima og miljømessig sårbarheit

Hovudtransformator er tørrisolert og inneheld ikkje olje. Stasjonstransformatoren er oljeisolert men det er mindre oljemengde og den blir levert med oppsamlingskar.

Kraftstasjonen ligg ved drikkevassforsyninga til Husnes. Det er teke omsyn til sikring av drikkevassforsyninga i samband med prosjekteringsanlegget. VA avdelinga i Kvinnherad har delteke i møter og godteke planar. Viser elles til detaljplanen for miljø og landskap for meir detaljer rundt sikring av drikkevassforsyninga (vedlegg 9).

5. Naturfare og beredskap

5.1 Vurdering av flaum- og skredfare

NVE sitt temakart syner at området ikkje ligg i aktsemdområdet for skred. Det er heller ikkje kartlagt noko område i nærleiken som har ei slik merking.

Området der kraftstasjonen ligg er innanfor det som er merka som «flaum, aktsomheitsområde» på NVE sitt temakart. Det er planlagd ein permanent flaumvoll på ca. 1m- 1,5 m høg langs elva oppstraums stasjonen og ned til utløpskanalen. Flaumvollen vert dimensjonert for ein 200 års flaum og stasjonen vil vera trygg både i anleggsfasen og i driftsfasen.

5.2 Vurdering av overvann

Kabelen vil i heile sin lengde være nedgrave i grøft etter minimum REN standard. Grøfta vil ha pukk eller singel i botn slik at overvatn vert transportert vekk (sjå vedlegg 8 Grøfteprofil). Kabelen vil også kunne være ned dykka i periodar med mykje vatn, og vil dermed ikkje bli påverka av overvatn.

5.3 Vurdering av klimatilpasning

Ikkje aktuelt.

6. Forholdet til grunneigarar og rettighetshavarar

6.1 Oversikt over grunneigarar og rettighetshavarar

Grunneigar av eigedom gnr. 143 bnr. 1, 2 og 160 vil få kabelgrøft langs eksisterande veg på eigedomen, gjennom skog og over innmark. Tilpassing av kabeltrasè er gjort i samråd med grunneigar. Onarheim kraftverk AS og grunneigar er einige om den omsøkte kabeltrasèen.

Grunneigar av eigedom gnr. 143 bnr. 20 vil få kabelgrøft over eigedomen. Grunneigar og Onarheim kraftverk AS er einige om den omsøkte kabeltrasèen.

Kabeltrasèen er skildra i detaljplanen for miljø og landskap i kap. 2.4.10 som var på høyring juni/juli 2023 (NVE saksnummer 202309541). Det kom det ingen innspel gjennom høyringa til planlagd nettanlegg eller kabeltrasè. Det er gjort nokre endringar på trasèen no pga av planlagde nybygg av Fagne og Statnett. Detaljplanen for miljø og landskap er til handsaming hjå NVE.

I samband med denne søknaden er det gjennomført ein høyring mot interessepartar (tabell 2).

Tabell 2: Oversikt å interessentar

Interessepartar	Interesse
Vestland Fylkeskommune	Fylket tiltaket er plassert
Statsforvaltaren i Vestland	Forvaltningsområdet tiltaket er plassert
Kvinnherad kommune	Kommunen tiltaket er plassert
Hydro Husnes (eigar av gnr. 143 bnr. 3)	Har vassforsyning i området der produksjonskabelen er planlagd. Er òg grunneigar der produksjonskabelen er planlagd grove ned.
Statnett	Har kraftlinjer i trasèen der produksjonskabelen er planlagd grove ned.

I høyringa vart det sendt ut fleire alternativ for trasè for produksjonskabelen (vedlegg 11).

6.2 Tilbakemelding frå høyring

Uttalene er gitt i sin heilheit vedlegg 6 og under er dei oppsummert saman med Onarheim kraftverk AS sine kommentarar.

Merk at det under høyring vart sendt ut situasjonsplan med fleire alternativ (vedlegg 11) og at tilbakemeldingane referer til farger nytta på dei ulike alternativa på trasè for produksjonskabelen. Tilbakemeldingane førte til at ein versjon av situasjonsplanen utan alternativ er det er den som er den omsøkte trasèen gitt i vedlegg 1.

Vestland Fylkeskommune ved Bjørnar Tjøflot:

«Etter korrespondanse med dykk om anleggskonsesjon om nettilknytning for Onarheim kraftverk har me konkludert med følgjande:

Kabelen kan berre kryssa postvegen slik turkis linje viser på vedlagt kartutsnitt.

Me har elles ingen merknadar til tiltaket.»

Onarheim kraftverk AS sin kommentar:

I omsøkt trasè vil produksjonskabelen berre krysse postvegen i tråd med Vestlands Fylkeskommune sitt krav.

Statsforvaltaren i Vestland ved Eyvin Søltnæs:

«Hei, eg viser til søknaden om anleggskonsesjon for nettilknytning til Onarheim kraftverk. Planen er sendt oss til førehandsvurdering, før søknaden skal sendast til NVE for handsaming etter «hurtigsporet».

Det skal leggjast om lag 1550 meter jordkabel, som hovudsakleg vil følgje eksisterande veg eller i areal som er avklara i detaljplanen for kraftverket, men traséen vil òg krysse eit innmarksareal.

Tiltaket vil ikkje føre til nemneverdige nye naturinngrep, ut over det som allereie er avklara. Vi legg til grunn at innmarka blir tilbakeført til opphavleg tilstand etter at kabelen er lagt, i tråd med moderne praksis.

Ut over dette har vi ikkje merknader til tiltaket»

Onarheim kraftverk AS sin kommentar:

Under utbygginga vil me me tilbakeføre innmarka til opphavelig tilstand.

Kvinneherad kommune ved Peder Sjo Slettebø:

«Kvinnherad kommune har følgjande merknadar:

- Ny kraftlinje må etablerast med minimum 1 meter horisontal avstand til vassleidningane til Kvinnherad kommune og Hydro Husnes, mellom Husnes VBA og Onarheim kraftstasjon.*
- Kvinnherad kommune ønskjer at alternativ trasè vert valt, då ein med dette alternativet ikkje kjem så nær inntaksleidningane for vassforsyning. For kommunen vil dette vera ein klår fordel med omsyn til framtidig vedlikehald av leidningane.*
- Alle anleggsaktivitet som er oppstraums for vassinntaket til Kvinnherad kommune og Hydro Husnes, må utførast i samråd med eigarane av vassinntaket. Me viser i den samanhengen også til krav sendt i samband med konsesjonssøknaden for kraftverket.*

Me legg elles til grunn av SKL har god dialog med dei bereørte grunneigarane, og at både noverande og framtidige vilkår for jordbruksinteressene i området vert ivaretekne på ein god måte.»

Onarheim kraftverk AS sin kommentar:

Me tek omsyn til alle avstandsrestriksjonar knytt til anna infrastruktur og me vil ha god dialog med Kvinnherad kommune og Hydro Husnes under planlegging og utførelse. Me har etter dialog med grunneigar på gnr. 143 bnr. 1 og 2 blitt enige om å nytte alternativ trasè (brun farge) for produksjonskabel. Alternativet er modifisert ytterligare for å unngå grunneigar sin vedplass. Den omsøkte traséen tek av den grunn omsyn til ynskje frå Kvinnherad kommune.

Hydro Husnes ved Jørgen Langeland:

«For Sør-Norge Aluminium AS er det viktig at trasé for høgspent ikkje vert lagd over trasé for vassleidning, der ligg det og trekkerøyr høgare oppe som ein kan komma i konflikt med.

Det kan sjå ut som dykkar trasé er stadvis direkte over vassleidning, så det vil truleg vera naudsynt å justere trasé for høgspent noko.

Samtidig ser det ut som det vil vera naudsynt å krysse trasé for vassleidning 1 eller 2 gonger. Når det skal kryssast trasé for vassleidning ynskjer vi å verta informert nokre dagar på førehand, slik at vi har moglegheit å vera til stades for påvising av vår infrastruktur.

Vedlagt er og stikningsdata for vassleidning, då vil ein kunne justere trasé for høgspent i samsvar. Dersom det er mogeleg ynskjer vi færrast mogleg kryssingar.

Ber om at Hydro Husnes får tilsendt oppdatert situasjonsplan, der vassleidninga er teikna inn, saman med forslag til ny høgspent trasé der kryssingar av vår infrastruktur er synleggjort.

Hydro Husnes ved Magne Vikane Bjelland:

Hydro Husnes støttar forslaget om å leggja kabelen i fellesgrøft med Fagne og BKK (det turkise alternativet).

Det gjev eit føremon ved at me då berre får ei kryssingspunkt av vassleidninga vår.

Fint om de kan gjere ei vurdering på å støype ein OPI-kanal over vår vassleidning, for fellesgrøfta med Fagne og BKK.

Onarheim kraftverk AS sin kommentar:

Me tek omsyn til Hydro Husnes sine spesifikasjonar og vel å leggje produksjonskabelen i fellesgrøft med Fagne og BKK i den omsøkte trasèen. Då vert det berre eit kryssningspunkt med Hydro Husnes sin vassleidning. Fellesgrøfta vert bygd med OPI-kanal.

Statnett ved Håkon Scandorff Frøyshov

«Produksjonskabelen skal krysse de to eksisterende linjer mellom Blåfalli og Husnes, totalt fire kryssninger. De eksisterende linjene skal fjernes. To nye linjer skal etableres mellom Hydro Husnes og nye Onarheim stasjon. De nye linjene er ikke tegnet på skissen. Vi viser til Anleggskonsesjon gitt av NVE 18.07.2024 for mer informasjon angående dette tiltaket.

1. *Kryssninger markert med grønn kommentar i vedlagte skisse, mellom fylkesvei 500 og øst for postvegen, er akseptable for Statnett dersom disse legges i bakken til kjøresikker dybde.*
- *Innmålt plassering i dwg format og tegning samt snittegning som viser forlegning og dybde bes sendes Statnett.*
2. *Kryssninger markert med gul kommentar i vedlagt skisse, nærmest Husnes ved fellesgrøft, trenger ytterligere avklaringer med informasjon om hvordan dette er tenkt gjort. Vårt tiltak med nye ledninger til Onarheim stasjon er ikke tegnet inn i skissen og det er*

vanskelig å se hvor traseen faktisk skal gå. Det er avtalt med BKK og Fagne at det kan etableres en felles grøftetrase mellom Statnetts nye ledninger som skal bygges. SKL/produksjonskabel fra Onarheim kraftverk kan inngå i denne traseen som del av kablene det er avsatt plass til under gitte forutsetninger om plassering, forlegningsmåte, avstand til fundamenter, plassering av kiosk hvis relevant, osv. Vi må ha dette underlaget før traseen mellom våre nye ledninger etableres.

- *Arrangement i trase, avstand til linjer, master og fundamenter samt snitt og forlegningsmåte og dybde må sendes Statnett for vår aksept før etablering av grøfter og trase.»*

Onarheim kraftverk AS sin kommentar:

Me tek omsyn til Statnett sine krav til å leggje kabel på køyresikker dybde samt krav til dokumentasjon. Krav Statnett setter til fellesgrøfta vil verte følgd og det vert stadfesta av Kjell Enes i BKK. Detaljering av fellesgrøfta vil verta sendt til Statnett og avklaringar vil verta gjort før arbeid startar opp.

6.3 Oppsummering av høyringa

Alle interessepartar har gitt tilbakemelding. Det har vore ein nyttig og god dialog og me har fått god informasjon om kva me må ta omsyn til. Vestland Fylkeskommune ber oss om ikkje å grave ned produksjonskabelen i postvegen, men kan akseptere krysning. Kvinnherad kommune viser til at deira vassverk og Hydro Husnes har infrastruktur i trasèen langs med elva og ber oss om å vurdere å grave kabel i alternativet som ikkje ligg nær deira infrastruktur. Hydro Husnes ynskjer at det vert så få krysningar av deira vassleidning som mogleg. Statnett setter krav til at kabel vert grove ned på køyresikker dybde samt krav til fellesgrøfta saman med Fagne og BKK. Grunneigar på gnr. 143 bnr. 1 og 2 har komme med innspel om endring av trasè for å unngå kabel ved deira vedplass.

Onarheim Kraftverk AS vurderer at innspela som er komme inn i høyringa lar seg gjennomføra. Den omsøkte trasèen (vedlegg 1) tek omsyn til innkomne innspel

7. Vedlegg

1. Omsøkt situasjonsplan for kabeltrasè
2. Side 5 frå Bakgrunn for vedtak til Fagne sin anleggskonsesjon
3. Einlinjeskjema
4. Midlertidig nettavtale med BKK
5. Uttale frå BKK om nett-tilknytning
6. Uttaler til søknad om anleggskonsesjon
7. Kartinformasjon Onarheim kraftverk
8. Grøfteprofil
9. Detaljplan for miljø og landsskap Onarheim kraftverk (innsendt til NVE 06.06.2023)
10. Berørte eigedomar
11. Situasjonsplan med fleire alternativ sendt ut på høyring